	Skogbrann	Ja	3	1/3/2	3	9	6	Ligg tett opptil større samanhengande skogområde. <b>Avbøtande tiltak:</b> rydde skog tett opp mot bygningar.
	Terrengformasjon som utgjør særleg fare	Nei						
	Radonstråling	Nei						
Menneske- og verksemdbaserte	Risikofylt industri, transport, bruk og lagring av kjemikalier, eksplosive varer osv.	Nei						
	Forureinande/støyande verksemd	Nei						
	Storbrann- tilgjenge for naudetat	Nei						
	Trafikkulukker - tilgjenge for naudetat	Nei						
	Øydelegging av vassforsyning/avløp /veg/energitilførsle/IKT osv.	Nei						
	Samlokaliseringsproblem	Nei						
	Sårbare objekt	Nei						
	Stråling frå kraftliner	Nei						
	Potensiale for kriminalitet, sabotasje og terror	Nei						
	Smittfare	Nei						

### Samla vurdering og konklusjon:

Det er gitt løyve til bygging av ny bustad på tunet (sjå foto nedanfor, raud kross, inkl. riving av gamal raudt bygg), jf. vedtak i forvaltningsutvalet 08.06.23, etter regional høyring. Eigjar ønskjer like fullt ei endring av arealføremålet frå LNF til kombinert bygg- og anleggsformål for eksisterande tun. Dette for å kunne utvikle eigeiendomen vidare med næringsføremål. Eigeiendomen 134/26 er eit lite småbruk som ikkje er delt i frå 134/1, men det er ikkje eit levedyktig bruk utan andre inntekter.

Administrasjonen har avgrensa det dyrka arealet som kjem innafør føremålet, jf. kart på førre sida. Det blir av omsyn til omgjevnadane og kjerneområde landbruk sett vilkår om at det berre blir tillate lettare næring på arealet.

**Administrasjonen tilrår justert arealformål for område B.**



## KU OG ROS ANALYSE

KPI – 63, 72 – Teigland 1	
<b>Føreslått føremål:</b>	Fritidsbusetnad, næring, bustad, hamn og kombinert formål.
<b>Føremål i dagens plan:</b>	Bustad, fritidsbustad og LNF
<b>Gards- og bruksnummer:</b>	113/013, m.fl.
<b>Arealstorleik:</b>	13 da
<b>Forslagsstillar:</b>	Hustveit, Siri Lundal, m.fl.
<b>Kort skildring:</b>	Omsøkt: Hamn = 0,8 da Småbåthamn = 1,34 da Naturområde = 5 da Næring = 14,1 da Fritidsbusetnad = 7,6 da Fritids- og turistføremål = 3,15 da Bustad = 10,85 da Kombinert bygg og anlegg = 1,14 da
<b>TEIGLAND, ÅKRAFJORDEN</b>	



### Noverande verdiar knytt til samfunn og miljø:

0-1: lokalt viktig 2: viktig 3: regionalt eller nasjonalt viktig

Tema	Verdi	Merknad/grunngeving
Landbruk og fiske	1	Kaste- og låssetningsplass i området. Areal for akvakultur lenger sør og nord.
Biologisk mangfald	-	Registrert viktige naturtypar: <i>haustingsskog</i> på oppsida av E 134 ovanfor bustadane, og <i>bekkeløft og bergvegg</i> i Ripelsjuvet, også ovanfor E 134. Fugleartar (2013): havørn (næringssøkande) og storskarv.
Landskap	1	Nokre parti med verdfull strandsone i bratt fjordlandskap. Mykje utbygd.
Kulturminne/kulturlandskap	1	Gamle Åkrafjordvegen inngår i kulturmiljøplan for kommunen (2022).
Rekreasjon og friluftsliv	1	Turisme i utgangspunkt med fjordlandskapet. Badeplassen Sandvik registrert som lokalt viktig. Åkrafjorden kartlagt som friluftsområde.
Barn og unge	1	Sandvik badeplass viktig som ein av få strender i området.

### Konsekvensutgreiing (KU):

-2: svært negativ -1: negativ 0: ingen konsekvens +1: positiv +2: svært positiv

Tema	Konsekvens					Kommentar/tiltak	
	-2	-1	0	+1	+2		
Samfunn	Overordna planar					X	Utvikling er i tråd med <i>Areal- og transportplan for Haugalandet</i> , der Teigland er grendesenter. I tråd med samfunnsdelen å satse på reiseliv. Teigland inngår også i Åkrafjorden Landskapsark.
	Trafikkavvikling				X		Eksisterande infrastruktur med lokalveggar og tilknytning til E 134. Ladestasjon ved Åkrafjordtunet
	Trafikktryggleik			X			
	Bustadutvikling			X			Fleire bustadar er positivt for tettstaden.
	Sentrumsutvikling				X		Ønske om å styrke senterfunksjonane og funksjon som knutepunkt for lokalt reiseliv.
	Landbruk og fiske			X			
	Anna næringsutvikling				X		Vil ha positive ringverknadar.
	Friluftsområde				X		Sikrar Sandvik badeplass i plan.
	Opphaldsområde for barn				X		
Tilgjenge/universell utform.			X				
Natur	100m-belte sjø/ vassdrag		X				Noko påverknad på strandsone, men sikra også areal i strandsona som friområde og LNF.
	Naturmangfald			X			Ingen konflikt.
	Landskap			X			Utvikling av tettstaden vil ikkje kome i konflikt med overordna fjordlandskap. Tiltak er spreitt på fleire delområde, og grønne verdiar er også ivareteke.
	Kulturminne/ landskap			X			Ikkje kjente konfliktområde.
	Forureining			X			Marginal auke
	Støy			X			Som over.

**Risiko- og sårbarhetsvurdering (ROS):**

	Akseptabel risiko Tiltak om mulig		Tiltak for å redusere risiko så mykje som råd skal gjerast		Uakseptabel risiko - Tiltak evt. detaljert ROS
--	--------------------------------------	--	--	--	--

Hending		Vurdering				Kommentar/tiltak		
		Relevans	Sannsyn	Kons	Risiko			
Naturfare	Ekstrem nedbør - flaum/overvatn	Nei						
	Sterk vind - storm/orkan	Nei						
	Havnåstigning. og stormflo	Ja	3	1/1/3	3	3	9	Bygg nær sjø må ta høgde for auka havnivå.
	Skred: kvikkleire, jord, sørpe, snø, stein og flaum	Ja	2	4/3/3	8	6	6	Heile område er innafar faresone skred. Dette må greiast ut på siste plannivå.
	Erosjon/isgang	Nei						
	Skogbrann	Nei						
	Terrengformasjon som utgjær særleg fare	Nei						
	Radonstråling	ja	5	2/1/1	10	5	5	Område ligg i areal som har høg aktsemdgrad for radon. Bygg må nytte radonspærre og legge til rette for radonbrønn, jf. TEK 17.
Menneske- og verksemdbaserte farar	Risikofylt industri, transport, bruk og lagring av kjemikalier, eksplosive varer osv.	Nei						
	Forureinande/støyande verksemd	Nei						
	Storbrann- tilgjenge for naudetat	Ja	3	3/3/1	9	9	3	Ligg rett ved E134, men det er langt til næraste brannstasjon. Sløkkjevattn må sikrast.
	Trafikkulukker - tilgjenge for naudetat	Ja	3	3/1/1	9	3	3	Ligg rett ved E134, men det er langt til næraste naudetat.
	Øydelegging av vassforsyning/ avløp/veg/energitilførsle/IKT osv.	Nei						
	Samlokaliseringsproblem	Nei						
	Sårbare objekt	Nei						
	Stråling frå kraftliner	Nei						
	Potensiale for kriminalitet, sabotasje og terror	Nei						
	Smittfare	nei						

**Samla vurdering og konklusjon:**

Samling av fleire innspel til eitt forslag. Utvikling er i tråd med *Areal- og transportplan for Haugalandet*, der Teigland er grendesenter. Åkrafjordtunet er knutepunkt for regionalt viktige reiselivstilbod (jf. nettsida til Åkrafjorden Oppleving (ÅO) med butikk, kafeteria, stoppepunkt for reisande langs E 134, turistinno, overnattingstilbod, sal og servering av lokal og kortreist mat, inkl. den kjente spekematen frå Brdr. Lundal mm.

Det er ønskeleg å utvikle ei eiga hamn for fjordcruisebåtane til ÅO, noko ein manglar i dag, eigna areal ligg ved gamlevegen, til høgge på foto nedanfor. Like ved er lagt inn areal for Sandvik badeplass, ein av få sandstrender i fjorden. Der er konflikt med ein kaste- og låssettingsplass, men denne har vore lite i bruk seinare åra, ligg ulagleg til oppimot andre interesser, og der er fleire tilgjengelege låssettingsplassar i nærleiken. Parsellen nedanfor Åkrafjordtunet er lagt inn som turist- og fritidsfremål, her er bygd to utleigehytter (mikrohytter), med planar om fleire. Mange av områda er lagt inn i samsvar med dagens arealbruk, inkl. bustad/ fritidsbustad og næringsareal. (LNFS-området ovafor E 134 er teke ut av plan grunna rasfare). LNF-området ved gamlevegen ligg no som fritidsbustad i planen. Denne delen av gamlevegen er heilårsopen, til Rafdal.

Det trengs ein heilskapleg reguleringsplan for området ved Teigland. Naturfare må takast omsyn til ved regulering og nye tiltak.

**Administrasjonen tilrår at desse areala vert sett av i planen: Hamn, småbåthamn, naturområde, næring, fritidsbusetnad, fritids- og turistfremål, bustad og kombinert bygg og anlegg.** Om funksjonell strandsone + foto, sjå strandsonekartlegginga s. 89-92.



Større foto finst i strandsonekartlegginga s. 18.




**OVER:** Planframlegg for Teigland, grendesenter i Åkrafjorden (jf. ATP Haugalandet).

**UNDER:** Midtre/nordre del av planområdet. Etter dette er det m.a. bygd to utleiehytter i skråninga mot elva nedom Åkrafjordtunet.



## KU OG ROS-ANALYSE

KPI – 66 – Silkeshovda, Fikse	
Justert føremål:	Næring
Føremål i dagens plan:	LNF
Område:	gnr. 20 bnr. 90, 9 og 2
Arealstorleik:	138, 5 da
Forslagsstillar:	Øystein Matre, Etne kommune
Kort skildring: <b>FIKSE, SØRSTRANDA</b>	Næringsområde/industri. På kort sikt uttak av stein.



### Noverande verdiar knytt til samfunn og miljø:

0-1: lokalt viktig 2: viktig 3: regionalt eller nasjonalt viktig

Tem a	Ve rdi	Merknad/grunngeving
Landbruk og fiske	1	Furuskog med innslag av gamalskog og lauvskog, tradisjonelle artar, lite myr, stort areal.
Biologisk mangfald	2	Del av eit svært viktig viltområde Trommedalen/Sørstranda, jf. Viltet i Etne 2004. Hjort og rådyr, trekkerte for hjort. Registrert kongeørn (næringsøk 2012), gråmåse (2018), frå Viltet i Etne: Kvitryggspett, storfugl, furukorsnebb, hønsenhauk, firfisle, raudrev (hi).
Landskap	1	Utgjer grunna sin storleik del av større landskapsbilete. Silhuettverknad ved vasskiljet.
Kulturminne/kulturlandskap	1	Postvegen går forbi området langs E 134, opphaveleg del av ruta Bergen-Stavanger.
Rekreasjon og friluftsliv	2	Postvegen. Del av registrert friluftsområde, ikkje det mest brukte delområdet. Jaktterreng.
Barn og unge	1	Postvegen.

### Konsekvensutgreiing (KU):

-2: svært negativ -1: negativ 0: ingen konsekvens +1: positiv +2: svært positiv

Tema	Konsekvens				Kommentar/tiltak
	-2	-1	0 +2	+1	
Samfunn	Overordna planar			x	I samsvar med Areal- og transportplan for Haugalandet og klima- og energiplan for Etne kommune: Nye næringsområde skal liggje langs E 134.
	Trafikkavvikling		x		Auka tungtrafikk.
	Trafikktryggleik		x		Transport må krysse Postvegen, men på sikt legg ny E134 opp til planfritt kryss. Sjå også pkt. nedanfor
	Bustadutvikling		x		
	Sentrumsutvikling		x		Transport inn mot Etne sentrum vil vere negativt.
	Landbruk og fiske			x	Inntekt til gardsbruka ved sal av massar.
	Anna næringsutvikling			x	Steinuttak i første omgang. På sikt vil dette bli viktig næringsområde for Etne kommune.
	Friluftsområde		x		Stort areal. Nærleik til postvegen. Krev gode rekkjefølgjekrav i reguleringsplan for å ta omsyn, dvs. sette igjen skjerm mot aust, postveg/E 134. For såleis å ta ut massar i indre og meir skjerma område først.
	Opphaldsområde for barn		x		
	Tilgjenge/universell utforming		x		
Natu	100m-belte sjø/ vassdrag		x		
	Naturmangfald		x		Hjortetrek. Sikringstiltak mot hjort og rådyr. Sumverknad grunna andre tiltak og massetak i nærleiken. Fugleartane nyttar større habitat i området.
	Landskap		x		På sikt stort inngrep i landskapet. Del av enda større inngrep, jf. eksisterande steinbrot på Vindafjordsida, ny E 134, industri, næring, skytebane mm.
	Kulturminne/ landskap		x		Postvegen går forbi, men det må leggast opp til skjerming mellom postvegen og uttaksområdet.
	Forureining		x		Må hindre avrenning mot vassdrag, drenerer m.a. til Etnefjorden, stille krav i reguleringsplan. Tilsvarande avklare mot lokale drikkevasskjelder nord for uttak.
	Støy		x		Anleggsverksemd i mange år, viktig med skjerming.

## Risiko- og sårbarhetsvurdering (ROS):



Akseptabel risiko  
Tiltak om mulig



Tiltak for å redusere risiko så mykje  
som råd skal gjerast



Uakseptabel risiko - Tiltak  
evt. detaljert ROS

Hending		Vurdering				Kommentar/tiltak
		Relevans	Sannsyn	Kons	Risiko	
Nat	Ekstrem nedbør - flaum/overvatn	nei				
	Sterk vind - storm/orkan	nei				
	Havnivåstigning. og stormflo	nei				
	Skred: kvikkleire, jord, sørpe, snø, stein og flaum	nei				
	Erosjon/isgang	nei				
	Skogbrann	nei				
	Terrengformasjon som utgjør særleg fare	nei				
	Radonstråling	nei				
Menneske- og verksemdbaserte farar	Risikofylt industri, transport, bruk og lagring av kjemikalier, eksplosive varer osv.	nei				
	Forureinande/støyande verksemd	nei				
	Storbrann- tilgjenge for naudetat	nei				
	Trafikkulukker - tilgjenge for naudetat	nei				
	Øydelegging av vassforsyning/avløp/veg/ energitilførsle/IKT osv.	nei				
	Samlokaliseringsproblem	nei				
	Sårbare objekt	nei				
	Stråling frå kraftliner	nei				
	Potensiale for kriminalitet, sabotasje og terror	nei				
	Smittefare	nei				

### Samla vurdering og konklusjon:

Innspelet frå grunneigar gjeld uttak av stein og seinare næringsområde på gnr. 20 bnr. 2 og gnr. 20 bnr. 90. I høve til det opphavlege innspelet, er forslaget frå administrasjonen redusert noko i nord. Dette er gjort for å unngå nedbygging av myr. I forslaget som administrasjonen legg fram er det også føreslått å inkludere bnr. 9 som ligg inneklemt mellom bnr. 2 og bnr. 90. Dette er gjort for å sikre eit samanhengande næringsområde.

I samband med utarbeiding av ny reguleringsplan bør det vurderast å løyse inn hytta og dei to festetomtene som ligg i utkanten av området. Erfaringsvis veit ein at næringsområde tett på område med busetnad /fritidsbusetnad, ikkje er ein god kombinasjon. Ved regulering må biologisk mangfald i området registrerast i detalj, og sumverknad vurderast for området.

Området er del av eit større, registrert friluftsområde og del av kjerneområde for hjort og rådyr. Skjermingstiltak mot hjort og rådyr må vurderast i samband med reguleringsplan. Transport må krysse postvegen, men på sikt legg ny E134 opp til planfritt kryss. Viktig med gode rekkjefølgjekrav for å starte uttak lenger vest i området, skjerna andre føremål rundt dagens E 134.


Tiltaket er i samsvar med ATP Haugalandet som seier at alle nye næringsområde skal liggje langs E134. Masseuttak har i mange år vore viktig for industrien i Etne, og samfunnet treng massar for utvikling. På sikt svært viktige næringsområde vest i kommunen.

#### Administrasjonen tilrår arealforslaget i justert utgåve.

**NB:** Vi ser at det ikkje er fylt ut noko i ROS-analysen for næringsføremålet. I praksis må mykje areal i planområdet seinkast og planerast ut før der kan bli til næringsareal. Det er naturleg at verksemda i starten vil bli råstoffutvinning for uttak av stein. Vi syner såleis til utfyllinga av ROS-analysen for *KPI-2 Massetak på Utstuno*, sidan her er mykje likskap, t.d. når det gjeld risikofylt arbeid/sprenging, behov for ulike sikringstiltak, om negative miljøeffektar mm.

## KU OG ROS-ANALYSE

KPI – 69 – Sørfjellet og Midtre Etnefjell	
<b>Føreslått føremål:</b>	LNF-spreidd fritid
<b>Føremål i dagens plan:</b>	Fritidsbusetnad
<b>Gards- og bruksnummer:</b>	Sameige for to fjellgrupper: Kaldheim og Grindheim/Litledalen.
<b>Arealstorleik:</b>	522 da - Fritidsbusetnad
<b>Forslagsstillar:</b>	Etne kommune
<b>Kort skildring:</b>	Ønsker å redusere kvote tal hytter frå 100 i dagens plan til 50 i ny plan. Planområdet blir i tillegg delt i to i høve til dagens plan, slik at kvotene blir fordelt likt med 25 hytter på kvart av areala. Kaldheimsgruppa har frå tidlegare fått godkjent reguleringsplan for 26 hytter sør i området, som gjekk av gamal kvote. Feltet er ikkje utbygd enno.
<b>ETNEFJELLA</b>	

**Noverande verdiar knytt til samfunn og miljø:**

0-1: lokalt viktig 2: viktig 3: regionalt eller nasjonalt viktig

Te ma	Ver di	Merknad/grunngeving
Landbruk og fiske	2	Beiteinteresser i fjellet.
Biologisk mangfald	1	Ikkje observert rein på 10 år, utsett stamme. Eldre registreringar: Gulsporv, fiskemåse, heilo, raudstilk, heilo, vipe, bergirisk, blåstrupe, gråsisik, fjellvåk. Lappsporv (2023).
Landskap	2	Fjellandskap. Påverka av vasskraftutbygging, regulerte vatn, vegar mm. Verna vassdrag
Kulturminne/kulturlandskap	0	Ingen registreringar i området. Stølsmiljø i nærleiken.
Rekreasjon og friluftsliv	3	Etnefjella er registrert som svært viktig friluftsområde. P-plass ved Skarstøl. Det blir køyrt opp skiløyper om vinteren. T-merka løype går utanom området i sør og aust.
Barn og unge	2	Fjellet blir brukt av alle aldersgrupper. Årleg einskildtilbod: Camp Hjørnås.

**Konsekvensutgreiing (KU):**

-2: svært negativ -1: negativ 0: ingen konsekvens +1: positiv +2: svært positiv

Te ma	Konsekvens					Kommentar/tiltak
	-2	-1	0	+1	+2	
Samfunn	Overordna planar				X	I tråd med samfunnsdelen å satse på reiseliv.
	Trafikkavvikling		X			Kommunevegen opp i fjellet er delvis bratt og slitt, opphavelag anleggsveg for kraftutbygging.
	Trafikktryggleik			X		Der er bom ved P-plass ved Skarstøl, så hyttefolket skal ikkje køyre inn i fjellet.
	Bustadutvikling			X		
	Sentrumsutvikling			X		Meir handel i sentrum.
	Landbruk og fiske			X		Ulempe for beiteinteressene. Utbygging kan gi inntekter til grunneigarane.
	Anna næringsutvikling			X		Ringverknadar i auka sal av varer og tenester lokalt.
	Friluftsområde			X		Fleire får høve til å nytte fjellet, men kan bli litt ulempe for det generelle friluftslivet.
	Opphaldsområde for barn			X		Auka tilgang til fjellet.
	Tilgjenge/universell utforming				X	Folk med nedsett funksjonsevne kan få nytte køyretøy innafor bommen.
Natur	100m-belte sjø/ vassdrag		X			Hytter kan kome i strandsone. Regulerte vatn.
	Naturmangfald			X		Store fjellområde rundt, så registrerte artar vil ikkje bli mykje råka. Ikkje rein igjen i dette fjellområdet. Fugleartane nyttar større habitat i fjellområdet.
	Landskap			X		Ulempe kan reduserast med gode detaljplanar, t.d. terrengtilpassing, gruppering, torvtak, jordfargar mm.
	Kulturminne/ landskap			X		
	Forureining			X		Blir stilt krav til utseppsløype mm.
	Støy		X			Blir støy i anleggsfasane for bygging.

**Risiko- og sårbarhetsvurdering (ROS):**Akseptabel risiko  
Tiltak om muligTiltak for å redusere risiko så mykje  
som råd skal gjerastUakseptabel risiko - Tiltak  
evt. detaljert ROS

Hending		Vurdering				Kommentar/tiltak		
		Relevans	Sannsyn	Kons	Risiko			
Naturfare	Ekstrem nedbør - flaum/overvatn	Nei						
	Sterkvind - storm/orkan							
	Havnivåstigning, og stormflo	Nei						
	Skred: kvikkleire, jord, sørpe, snø, stein og flaum	Nei						
	Erosjon/isgang	Nei						
	Skogbrann	Nei						
	Terrengformasjon som utgjør særleg fare	Nei						
	Radonstråling	Nei						
Menneske- og verksemdbaserte farar	Risikofylt industri, transport, bruk og lagring av kjemikaliar, eksplosive varer osv.	Nei						
	Forureinande/støyande verksemd	Nei						
	Storbrann- tilgjenge for naudetat	Ja	3	3/3/2	9	9	6	Ligg langt til fjells og er soleis lite tilgjengeleg for naudetatar
	Trafikkulukker - tilgjenge for naudetat	Nei						
	Øydelegging av vassforsyning/avløp/veg/energiltførsle/IKT osv.	Nei						
	Samlokaliseringsproblem	Nei						
	Sårbare objekt	Nei						
	Stråling frå kraftliner	Nei						
	Potensiale for kriminalitet, sabotasje og terror	Nei						
	Smittefare	Nei						

**Samla vurdering og konklusjon:**

Området blir vidareført frå dagens plan, men blir delt i to for sikker fordeling av kvoter. Reduksjon av talet på hytter frå inntil 100 i gjeldande kommuneplan frå 2003 til 50 i ny kommuneplan. 25 hytter til kvar av sameiga. Det er allereie regulert for 26 fritidsbustadar på Kaldheimsida (2015), konsentrert på eit avgrensa område, med krav til fargesetting på hyttene, torvtak, fellesløysingar for VVA mm. Hyttene er ikkje utbygd enno, men det har i fleire tiår vore eit ønskje i kommunen om tilbod om hytter i Etnefjella. Det blir tilrådd reduksjon av tal hytter for å avgrense ulempene for andre interesser. Ved å dele området i to, kan gruppene sjølv ta stilling til om dei ønskjer utbygging på sitt areal, eller vil t.d. prioritere beiteinteressene etc.

Naudsynt med reguleringsplan for å sjekke ut naturfare mm. Området kan moglegvis reduserast i storleik, dersom det blir peika på kva for delområde som eignar seg best for gruppevis utbygging, unngå nærleik til regulerte vatn mm. Det er ikkje ønskjeleg med spreitt utbygging over store delar av areala, men feltvis utbygging med god terrengtilpassing og gode fellesløysingar.


Meir om villrein i planomtalen. Det er ikkje observert rein i dette fjellområdet på kring 10 år (jf. info frå repr. for grunneigarane og nettsida der observasjonar blei lagt inn frå 2001-2013). Stamma synast utdøyd eller har trekt inn til stamma i indre Etnefjell.

**Administrasjonen tilrår reduksjon av hytter i området.**

## KU OG ROS-ANALYSE

### KPI - 73 - Haugen 2

<b>Føreslått føremål:</b>	Næringsareal og parkering
<b>Føremål i dagens plan:</b>	LNF
<b>Gards- og bruksnummer:</b>	010/004
<b>Arealstorleik:</b>	76,5 da
<b>Forslagsstillar:</b>	Grindheim, Geir/ Etne Servicesenter
<b>Kort skildring:</b>	Ynskjer å etablere bensinstasjon og kvileplass for langtransport knytt til ny europaveg. Plasseringa vil vere avhengig av framtidig regulering av ny veg. Administrasjon har justert forslag.
<b>GJERDSLIA, ETNESJEØEN</b>	



### Noverande verdiar knytt til samfunn og miljø:

0-1: lokalt viktig 2: viktig 3: regionalt eller nasjonalt viktig

Te ma	Ver di	Merknad/grunngeving
Landbruk og fiske	1	Utmark, noko beitedyr i delar av utmarka.
Biologisk mangfald	2	Del av svært viktig viltområde Trommedalen/Sørstranda: Registrert kongeørn, granmeis, bandkorsnebb, gråsisik, kvitryggspett, hjort, rådyr, tiur. Gamal furuskog, lauvskog og myr.
Landskap	1	Delar av området synleg frå Etnefjorden og Sørstranda/Osnes. Ikkje frå Etnebygda.
Kulturminne/kulturlandskap	0	Ligg nær grensa til KULA-området. Skyttargraver frå 2. verdskrig i området, ikkje berørt.
Rekreasjon og friluftsliv	1	Del av registrert, viktig friluftsområde i Trommedalen. Ligg nær Etne sentrum og E 134, rundturar på stiar og traktorveggar mm. Sti i Gjerdslia er direkte berørt.
Barn og unge	1	Nærturterreng for fleire grupper.

### Konsekvensutgreiing (KU):

-2: svært negativ -1: negativ 0: ingen konsekvens +1: positiv +2: svært positiv

Te ma	Konsekvens					Kommentar/tiltak	
	-2	-1	0	+1	+2		
Samfunn	Overordna planar					X	Allereie næringsområde i kommunedelplan for Etnesjøen (2012), men må endre lokalisering grunna framføring for ny E 134. Området ligg til planlagt avkjøring ned mot Etne sentrum. ATP Haugalandet legg føringer for plassering av næringsområde.
	Trafikkavvikling				X		Vil bli etablert i samarbeid med ny E134.
	Trafikktryggleik					X	Vil minske tungtransport gjennom sentrum.
	Bustadutvikling				X		Næringsutvikling vil påverke positivt for bustad.
	Sentrumsutvikling			X			Vil kunne avgrense tungtransport gjennom sentrum, men òg gjennomreisande potensielle handelskundar. Ønskje om bensinstasjon og kvileplass for tungtransport.
	Landbruk og fiske		X				Områda er utmark med innslag av beitedyr.
	Anna næringsutvikling					X	Det er behov for næringsareal knytt til ny E 134. Kan gi redusert handel i sentrum.
	Friluftsområde		X				Mindre del av tur- og jaktterreng, vil påverkast.
	Opphaldsområde for barn		X				Mindre del av turterreng, men vil påverke det.
Natur	Tilgjenge/universell utforming			X			
	100 m-belte sjø/vassdrag			X			
	Naturmangfald		X				Negativt for naturmangfald. Berørt myrreal er monaleg redusert i høve til k-delplan frå 2012.
	Landskap		X				Vil endre estetikken i landskapet sør for Etne og sett frå Etnefjorden, Osnes/Sørstranda.
	Kulturminne/ landskap			X			Ikkje synleg frå Etnebygda.
	Forureining		X				Sikrar mot avrenning til Vågen må detaljerast i reguleringsplan. Dvergålegras og blautbotn i Vågen.
Støy				X		I sum mindre støy i sentrum og langs dagens E 134	

## Risiko- og sårbarhetsvurdering (ROS):



Akseptabel risiko  
Tiltak om mulig



Tiltak for å redusere risiko så mykje som  
råd skal gjerast



Uakseptabel risiko - Tiltak  
evt.  
detaljert ROS

Hending		Vurdering				Kommentar/tiltak		
		Relevans	Sannsyn	Kons	Risiko			
Naturfar	Ekstrem nedbør - flaum/overvatn	Nei						
	Sterk vind - storm/orkan	Nei						
	Havnivåstigning, og stormflo	Nei						
	Skred: kvikkleire, jord, sørpe, snø, stein og flaum	Nei						
	Erosjon/isgang	Nei						
	Skogbrann	Ja	3	1/3/2	3	6	6	Ligg tett opptil større samanhengande skogområde. <b>Avbøtande tiltak:</b> rydde skog tett opp mot bygningar.
	Terrengformasjon som utgjær særleg fare	Nei						
	Radonstråling	Nei						
Menneske- og verksemdbaserte farar	Risikofylt industri, transport, bruk og lagring av kjemikalier, eksplosive varer osv.	Ja	3	3/2/2	9	6	6	Risiko vil vere avhengig av kva slags næring som vil etablere seg i næringsområdet. <b>Tiltak:</b> må vurderast nærmare i regulering.
	Forureinande/støyande verksemd	Ja	5	1/1/1	5	5	5	Risiko vil vere avhengig av kva slags næring som vil etablere seg i næringsområdet. <b>Tiltak:</b> må vurderast nærmare i regulering.
	Storbrann- tilgjenge for naudetat	Ja	3	3/2/2	9	6	6	Nærleik til både Etnesjøen og Ølen. Rask utrykningstid.
	Trafikkulukker - tilgjenge for naudetat	Ja	3	3/1/1	9	3	3	Utrykning frå Ølen – under ti min.
	Øydelegging av vassforsyning/avløp/veg/ energitilførsle/IKT osv.	Ja	3	1/2/1	3	6	3	Risiko vil vere avhengig av kva slags næring som vil etablere seg i næringsområdet. <b>Tiltak:</b> må vurderast nærmare i regulering.
	Samlokaliseringsproblem	Nei						
	Sårbare objekt	Nei						
	Stråling frå kraftliner	Nei						
	Potensiale for kriminalitet, sabotasje og terror	Ja	33	3/2/3	9	6	9	Risiko vil vere avhengig av kva slags næring som vil etablere seg i næringsområdet. <b>Tiltak:</b> må vurderast nærmare i regulering.
	Smittefare	Nei						

**Samla vurdering og konklusjon:**

Der ligg store næringsføremål og eit bustadfelt inne i same utmarksområde i gjeldande kommunedelplan for Etnesjøen frå 2012. Administrasjonen har no oppdatert areala for betre å reflektere traseen for ny E 134 gjennom området, som blei vedteke som kommunedelplan i 2015. Det ny næringsområdet er også justert for å redusere forbruk av myr, og store areal er teke ut. Arealfordelinga blir slik: Nytt næringsareal = 76,5 da, dette tyder ein reduksjon frå dagens plan på kring 62 dekar, i tillegg er bustadføremål på 140 da teke ut, dvs. sum redusert areal er 202 dekar. Dette er omgjort til LNF i ny plan, grønt på plankartet.


Innspelet kjem frå Etne Servicesenter, som driv Shell-stasjonen i Etne sentrum. Dei ønskjer å etablere seg ved planlagt avkøyring i Gjerdsli ned mot Etne sentrum via Matskor og dagens E 134. Bensinstasjonen bør ligge med nemnte avkøyring, då ein vil kome i konflikt med kjerneområde landbruk og jordvern, dersom ein vel plassering ved avkøyringa med Mo aust for sentrum. Det vil vere naturleg å legge bensinstasjon og kvilestad for tungtransport til eit større næringsområde. Kommunen har behov for eit næringsområde for verksemdar som ikkje treng ligge til sentrum og som ikkje er industri (regulert industriområde ligg på Fikse). Utforming av nytt næringsområde vil måtte tilpassast reguleringa av ny hovudveg. Det er ønskeleg å få ligge så tett på vegen som det er mogleg å tillate etter regelverket for europaveg. Avkøyringa frå ny E 134 ligg i den nordre delen av området, og så må ein svinge tilbake parallelt med hovudvegen for å kome til den sørlege delen, dette utifrå topografien i området.

Forslaget sikrar reservar for næringsareal i framtida. Ulempene er redusert gjennom stor reduksjon av areal i høve til dagens plan.

**Administrasjonen tilrår justert framlegg.**

## KU OG ROS-ANALYSE

KPI - 74 - Flokatveit	
Føreslått føremål:	Fritids- og turistføremål
Føremål i dagens plan:	LNF
Gards- og bruksnummer:	069/001
Arealstorleik:	7,3 da
Forslagsstillar:	Vik. Eivind
Kort skildring:	Vil bygge utleigehytter i vasskanten ved Stordalsvatnet. Ønskjer òg å utvide området noko mot sørvest på eigen eigedom. Dette er utanfor området som er kartlagt av Multiconsult.
<b>FLOKATVEIT, STORDALEN</b>	



### Noverande verdiar knytt til samfunn og miljø:

0-1: lokalt viktig 2: viktig 3: regionalt eller nasjonalt viktig

Te ma	Ve rdi	Merknad/grunngeving
Landbruk og fiske	0	Lauvskog med innslag av bartre og edellaavtre.
Biologisk mangfald	2	Stordalsvatnet er del av verna vassdrag og nasjonalt laksevassdrag. Elles ingen treff.
Landskap	1	Lagt inn forbodsgrense til verna vassdrag.
Kulturminne/kulturlandskap	1	Lokalt viktig kulturlandskap ved Flokatveit og Kvamen. Ikkje KULA-område.
Rekreasjon og friluftsliv	1	Stordalsvatnet registrert som viktig friluftsområde.
Barn og unge	-	

### Konsekvensutgreiing (KU):

-2: svært negativ -1: negativ 0: ingen konsekvens +1: positiv +2: svært positiv

Te ma	Konsekvens					Kommentar/tiltak
	-2	-1	0	+1	+2	
Samfunn	Overordna planar				X	I tråd med samfunnsdelen å satse på reiseliv.
	Trafikkavvikling			X		Smal kommunal veg, men lite auke i trafikk.
	Trafikktryggleik			X		
	Bustadutvikling			X		
	Sentrumsutvikling				X	Turisme vil kunne auke aktivitet i sentrum.
	Landbruk og fiske			X		
	Anna næringsutvikling				X	Auka handel i sentrum.
	Friluftsområde			X		Gir tilgang til friluftsliv, god tilkomst til fjells.
	Opphaldsområde for barn			X		
	Tilgjenge/universell utforming			X		
	Folkehelse			X		
Natur	50m-belte sjø/ vassdrag		X			Lagt inn 50 m-belte til Stordalsvatnet for å redusere ulempene. Strandsona i nærleiken noko utbygd allereie.
	Naturmangfald			X		Ingen stor konflikt, men noko skog må fjernast.
	Landskap			X		Relativt lite tiltak i det overordna landskapet, dvs. avgrensa konflikt.
	Kulturminne/ landskap			X		
	Forureining			X		
	Støy			X		

## Risiko- og sårbarhetsvurdering (ROS):



Akseptabel risiko  
Tiltak om mulig



Tiltak for å redusere risiko så mykje som  
råd skal gjerast



Uakseptabel risiko - Tiltak  
evt.

Hending		Vurdering					Kommentar/tiltak	
		Relevans	Sannsyn	Kons	Risiko			
Na	Ekstrem nedbør - flaum/overvatn	Ja	3	1/1/3	3	3	9	Aktsemdsone flaum mot Stordalsvatnet. Bygging ned til vatnet må ta omsyn til flaumproblematikk. Løysing kan vere å trekke området vekk frå vasslina.
	Sterk vind - storm/orkan	Nei						
	Havnivåstigning og stormflo	Nei						
	Skred: kvikkleire, jord, sørpe, snø, stein og flaum	Nei						Skredanalyse frå Multiconsult: «Sannsynligheten for at det kan løsne skred fra skrånende terreng som vil ramme denne delen av tomten er vurdert til å være så liten at det ikke er grunnlag for å gjøre avbøtende tiltak. Der Liabekken gjør en sving mot øst oppfor grusveien, anbefaler vi en årlig besiktigelse (og eventuelt vedlikehold) der tiltakshaver kontrollerer for erosjon av elveforbygningen og opplagring av kvist og stein i ulike kornstørrelser i bekkbunnen.» Ta kontakt med kommunen om ein ynskjer innsyn i heile rapporten.
	Erosjon/isgang	Nei						
	Skogbrann	Nei						
	Terrangformasjon som utgjør særleg fare	Nei						
	Radonstråling	Nei						
Menneske- og verksemdbaserte farar	Risikofyllt industri, transport, bruk og lagring av kjemikalier, eksplosive varer..	Nei						
	Forureinande/støyande verksemd	Nei						
	Storbrann- tilgjenge for naudetat	Nei						
	Trafikkulukker - tilgjenge for naudetat	Nei						
	Øydelegging av vassforsyning/avløp/veg/ energitilførsle/IKT.	Nei						
	Samlokaliseringsproblem	Nei						
	Sårbare objekt	Nei						
	Stråling frå kraftliner	Nei						
	Potensiale for kriminalitet, sabotasje og terror	Nei						
	Smittefare	Nei						

**Samla vurdering og konklusjon:** Forslagsstillar meiner det er heilt naudsynt å legge hyttene ned mot vatnet om det skal vere attraktivt nok å få leigetakarar til hyttene. Om mogleg rasfare, sjå konklusjon frå Multiconsult i ROS-analysen, rapport frå 2015.

Forslaget er justert slik at bygg ligg over 50-m grense mot verna vassdrag. Det vil her vere god plass til hyttene som er spelt inn, samstundes som ein tar vare på strandsona.

**Administrasjonen tilrår godkjenning av justert forslag.**



Foto 2009 (Espen Mills).

## KU OG ROS-ANALYSE

KPI – 75– Fitja	
Føreslått føremål:	Bustad
Føremål i dagens plan:	LNF
Gards- og bruksnummer:	031/006
Arealstorleik:	1,42
Forslagsstillar:	Ekornrud, Håkon
Kort skildring:	Øvre Fitja. Ønskjer opparbeida hage på 31/6 innlemma i naboeigedomen 31/25, som er regulert til bustad. Har tidlegare søkt om frådelling.
<b>FITJA, ETNESJØEN</b>	



### Noverande verdiar knytt til samfunn og miljø:

0-1: lokalt viktig 2: viktig 3: regionalt eller nasjonalt viktig

Tema	Verdi	Merknad/grunngeving
Landbruk og fiske	0	Grenser til kjerneområde landbruk. Open fastmark
Biologisk mangfald	-	Ingen treff i naturbase. Hage med mest plen.
Landskap	0	Lite tiltak i landskapet. Opparbeidd bustadfelt.
Kulturminne/kulturlandskap	0	Ligg kulturminne i friluftsområde i Fitja bustadfelt lenger aust. Ingen konflikt.
Rekreasjon og friluftsliv	-	Hage = innmark
Barn og unge	1	Hage

### Konsekvensutgreiing (KU):

-2: svært negativ -1: negativ 0: ingen konsekvens +1: positiv +2: svært positiv

Tema	Konsekvens					Kommentar/tiltak
	-2	-1	0	+1	+2	
Samfunn	Overordna planar			X		Ønskjer å reflektere dagens bruk.
	Trafikkavvikling			X		Ingen endring.
	Trafikktryggleik			X		Som over.
	Bustadutvikling				X	Reflekterer dagens bruk.
	Sentrumsutvikling			X		
	Landbruk og fiske			X		Open fastmark – utarbeidd hage.
	Anna næringsutvikling			X		
	Friluftsområde			X		
	Opphaldsområde for barn				X	Hage
	Tilgjenge/universell utforming			X		
Natur	100m-belte sjø/vassdrag			X		
	Naturmangfald			X		Ingen registrert trua artar.
	Landskap			X		
	Kulturminne/ landskap			X		Ligg kulturminne i og ved Fitja bustadfelt, ikkje berørt.
	Forureining			X		
	Støy			X		

**Risiko- og sårbarhetsvurdering (ROS):**

	Akseptabel risiko Tiltak om mulig		Tiltak for å redusere risiko så mykje som råd skal gjerast		Uakseptabel risiko - Tiltak evt. detaljert ROS
--	--------------------------------------	--	---	--	---

Hending		Vurdering				Kommentar/tiltak
		Relevans	Sannsyn	Kons	Risiko	
<b>Naturfare</b>	Ekstrem nedbør - flaum/overvatn	Nei				
	Sterk vind - storm/orkan	Nei				
	Havnivåstigning, og stormflo	Nei				
	Skred: kvikkleire, jord, sørpe, snø, stein og flaum	Nei				
	Erosjon/isgang	Nei				
	Skogbrann	Nei				
	Terrengformasjon som utgjør særleg fare	Nei				
	Radonstråling	Nei				
<b>Menneske- og verksemdbaserte farar</b>	Risikofylt industri, transport, bruk og lagring av kjemikalier, eksplosive varer osv.	Nei				
	Forureinande/støyande verksemd	Nei				
	Storbrann- tilgjenge for naudetat	Nei				
	Trafikkulukker - tilgjenge for naudetat	Nei				
	Øydelegging av vassforsyning/avløp/veg/ energitilførsle/IKT osv.	Nei				
	Samlokaliseringsproblem	Nei				
	Sårbare objekt	Nei				
	Stråling frå kraftliner	Nei				
	Potensiale for kriminalitet, sabotasje og terror	Nei				
	Smittefare	Nei				


**Samla vurdering og konklusjon:**

Innspelet vil betre reflektere faktisk bruk. Arealet blir nytta som hage til tilhøyrande bustadhus på 31/25.

Administrasjonen vel å redusere innspelet til å gjelde berre open fastmark frå AR5, som er området som blir nytta til hage (sjå nedanfor).

Kjerneområde landbruk blir justert til å gå utanom nytt bustadområde.


**Administrasjonen tilrår justert framlegg.**



Markslagskart, tilleggsarealet er open fastmark.

## KU OG ROS-ANALYSE

KPI – 77 – Ebne søre 2	
<b>Føreslått føremål:</b>	Andre bygg og anlegg (naust)
<b>Føremål i dagens plan:</b>	LNF
<b>Gards- og bruksnummer:</b>	148/013
<b>Arealstorleik:</b>	0,19
<b>Forslagsstillar:</b>	Garvik, John Børge
<b>Kort skildring:</b>	Ønskjer arealformål anna bygg og anlegg på nausttomta si i LNF-området. Gardvik, Ebne.
<b>EBNE, SKÅNEVIKSTRANDA</b>	

**Noverande verdiar knytt til samfunn og miljø:**

0-1: lokalt viktig 2: viktig 3: regionalt eller nasjonalt viktig

Te ma	Ver di	Merknad/grunningjeving
Landbruk og fiske	0	Gangsti ned til stranda i kant av dyrka areal, men ingen konflikt.
Biologisk mangfald	-	Ingen treff i naturbase.
Landskap	2	Fjordlandskap. Lite utbygd strandsone.
Kulturminne/kulturlandskap	1	To SEFRAK-naust i området. Gravvøys på neset om lag 90 m lenger nord.
Rekreasjon og friluftsliv	1	Lokal badestrand. Skånevikfjorden registrert som viktig friluftsområde.
Barn og unge	1	Sandstrand

**Konsekvensutgreiing (KU):**

-2: svært negativ -1: negativ 0: ingen konsekvens +1: positiv +2: svært positiv

Te ma	Konsekvens					Kommentar/tiltak
	-2	-1	0	+1	+2	
Samf	Overordna planar			X		Det er ikkje ønskeleg å bygge ned tilnærma urørd strandsone og badestrand, men ved flytting av tomte er konflikten redusert.
	Trafikkavvikling			X		
	Trafikktryggleik			X		
	Bustadutvikling			X		
	Sentrumsutvikling			X		
	Landbruk og fiske			X		
	Anna næringsutvikling			X		
	Friluftsområde		X			Vil kunne minske attraktiviteten til sandstranda, men konfliktgraden er seinka ved å flytte tomte til utkanten av stranda..
	Opphaldsområde for barn		X			Som over, og framleis god plass på stranda.
	Tilgjenge/universell utforming			X		
Natur	100m-belte sjø/ vassdrag		X			Nedbygging av strandsone er ikkje ønskeleg.
	Naturmangfald			X		
	Landskap			X		Lite einskildtiltak i overordna fjordlandskap
	Kulturminne/ landskap			X		Ingen konflikt.
	Forureining			X		
	Støy			X		

**Risiko- og sårbarhetsvurdering (ROS):**Akseptabel risiko  
Tiltak om muligTiltak for å redusere risiko så mykje  
som råd skal gjerastUakseptabel risiko - Tiltak  
evt. detaljert ROS

Hending		Vurdering							Kommentar/tiltak	
		Relevans	Sannsyn	Kons			Risiko			
Naturfar	Ekstrem nedbør - flaum/overvatn	Nei								
	Sterk vind - storm/orkan	Ja	5	1	2	2	5	1	1	Bygging av naust må ta omsyn til harde verforhold.
	Havnivåstigning og stormflo	Ja	3	1	1	3	3	3	9	Bygging av naust må ta omsyn til havnivåstigning og stormflo etter TEK10 og gjeldande verdier frå DSB.
	Skred: kvikkleire, jord, sørpe, snø, stein og flaum	Nei								
	Erosjon/isgang	Nei								
	Skogbrann	Nei								
	Terrengformasjon som utgjør særleg fare	Nei								
	Radonstråling	Nei								
Menneske- og verksemdbaserte	Risikofylt industri, transport, bruk og lagring av kjemikalier, eksplosive varer osv.	Nei								
	Forureinande/støyande verksemd	Nei								
	Storbrann- tilgjenge for naudetat	Nei								
	Trafikkulukker - tilgjenge for naudetat	Nei								
	Øydelegging av vassforsyning/avløp/veg/ energitilførsle/IKT	Nei								
	Samlokaliseringsproblem	Nei								
	Sårbare objekt	Nei								
	Stråling frå kraftliner	Nei								
	Potensiale for kriminalitet, sabotasje og terror	Nei								
	Smittefare	Nei								

**Samla vurdering og konklusjon:**

I utgangspunktet har det vore eit prinsipp at ein ikkje skal legge inn einskildnaust/punktmarkeringar i arealdelen, men at slike tiltak må handsamast som dispensasjon. I dette tilfelle er det tale om ei frådelt nausttomt som ligg i eit område med to andre naust, sjå detaljkart på førre sida. Den frådelte tomta ligg tett på strandområdet, men parsellen som ligg nord for denne tomta er betre eigna, sidan den kjem lenger vekk og i nordenden av stranda, inn mot knausen der, dvs. til venstre på biletet nedanfor. Då blir stranda samanhengande i midtre del. Sjå strandsonekartlegginga s. 58-59.

Administrasjon tilrår arealføremålet i sin justerte utgåve.



Foto frå 2009 (Espen Mills).

## KU OG ROS-ANALYSE

KPI – 79 – Børkjenes	
Føreslått føremål:	Fritidsbustad
Føremål i dagens plan:	LNF – Spreidd fritidsbustad
Gards- og bruksnummer:	25/2
Arealstorleik:	Fritidsføremål = 39 da
Forslagsstillar:	Alf Birkenes
Kort skildring:	Utvide eksisterande hyttefelt. Utvidinga ligg i hovudsak på oppsida av fylkesvegen i aust.
<b>BØRKJENES,</b> <b>NORDSTRANDA</b>	



### Noverande verdiar knytt til samfunn og miljø:

0-1: lokalt viktig 2: viktig 3: regionalt eller nasjonalt viktig

Te ma	Ve rdi	Merknad/grunngeving
Landbruk og fiske	1	God furuskog
Biologisk mangfald	1	Liten del av registrert viktig viltområde Ytre del av Skånevikhavøya, vinterbeiteområde for hjort mm. Lita jettegryte ved nedkjøringa til eksisterande P-plass på nedsida av fv 5014, ikkje berørt
Landskap	1	Fjordlandskap/skog. Strandsone, delvis utbygd.
Kulturminne/kulturlandskap	0	Kolerafurua ved sjø ved eksisterande hyttefelt.
Rekreasjon og friluftsliv	1	Etnefjorden registrert som viktig friluftsområde.
Barn og unge	-	

### Konsekvensutgreiing (KU):

-2: svært negativ -1: negativ 0: ingen konsekvens +1: positiv +2: svært positiv

Tema	Konsekvens					Kommentar/tiltak
	-2	-1	0	+1	+2	
Sa m	Overordna planar				X	Det er i tråd med samfunnsdelen å satse på reiseliv. Fortetting nær eksisterande hyttefelt.
	Trafikkavvikling		X			Noko meir trafikk på fylkesvegen.
	Trafikktryggleik		X			Smal, svingete fylkesveg.
	Bustadutvikling			X		
	Sentrumsutvikling			X		Positive ringverknadar for sentrum, handel mm.
	Landbruk og fiske			X		Låsettingsplass aust for området i Seldalsvika. Sjå eiga sak. Hytter gir inntekter til gardsbruket.
	Anna næringsutvikling				X	Auka handel i sentrum og kjøp av tenester lokalt.
	Friluftsområde		X			Ønskjer tilhøyrande småbåthamn i Seldalsvika lenger aust, sjå eiga sak. På same tid gir hytter tilgang til friluftsliv og rekreasjon, inkl. på sjø.
	Opphaldsområde for barn		X			Som over.
	Tilgjenge/universell utforming			X		
Natur	100m-belte sjø/ vassdrag			X		Feltet ligg i 100-meterbeltet, men ovanfor fylkesvegen og funksjonell strandsone. Småbåthamn i strandsone, sjå eiga sak.
	Naturmangfald			X		Ingen treff om artar i naturbase.
	Landskap		X			Med god detaljplanlegging, god terrengtilpassing, gjensetting av skog mm., vil ulempe reduserast.
	Kulturminne/ landskap			X		
	Forureining			X		
	Støy		X			Hyttfeltet er i stor grad innanfor gul støysone ihht. retningsline 1442 om støy i arealplanlegging.

## Risiko- og sårbarhetsvurdering (ROS):



Akseptabel risiko  
Tiltak om mulig



Tiltak for å redusere risiko så mykje  
som råd skal gjerast



Uakseptabel risiko - Tiltak  
evt. detaljert ROS

Hending	Vurdering				Kommentar/tiltak	
	Relevans	Sannsyn	Kons	Risiko		
Naturfare	Ekstrem nedbør - flaum/overvatn	Nei				
	Sterk vind - storm/orkan	Nei				
	Havnivåstigning. og stormflo	Nei				
	Skred: kvikkleire, jord, sørpe, snø, stein og flaum	Nei				
	Erosjon/isgang	Nei				
	Skogbrann	Ja	3	1/3/2	3 9 6	Sørvendt skråning med mykje vegetasjon. Tiltak: sløkkjevatt.
	Terrengformasjon som utgjær særleg fare	Nei				
	Radonstråling	Nei				
Menneske- og verksemdbaserte farar	Risikofylt industri, transport, bruk og lagring av kjemikalier, eksplosive varer osb.	Nei				
	Forureinande/støyande verksemd	Nei				
	Storbrann- tilgjenge for naudetat	Nei				
	Trafikkulukker - tilgjenge for naudetat	Ja	3	3/1/1	9 3 3	Smal veg, men kort avstand til Etne
	Øydelegging av vassforsyning/avløp/veg/energitilførsle/IKT osb.	Nei				
	Samlokaliseringsproblem	Nei				
	Sårbare objekt	Nei				
	Stråling frå kraftliner	Ja	5	2/1/1	10 5 5	Kraftlinje går gjennom området. Tiltak må følgje krav om avstand.
	Potensiale for kriminalitet, sabotasje og terror	Nei				
	Smittefare	Nei				

### Samla vurdering og konklusjon:


Innspelet frå forslagsstillar er redusert i storleik, der den austlege delen er tatt vekk av administrasjonen, m.a. grunna stor skredfare. Området ligg i furuskogen ovanfor fylkesvegen, såleis også ovanfor funksjonell strandsone. Ingen treff i naturdatabase. Arealet utgjær svært liten del av jaktterreng og vinterbeiteområde på Nordstranda.

Innspelet legg til rette for oppføring av om lag 10 – 15 nye fritidsbustadar avhengig av kor tett ein plasserer tomtene. Det er

ønskeleg å satse på hyttebygging og reiseliv i kommunen. Tiltaket utgjær ønska fortetting heller enn bruk av heilt nye område.

Tilhøyrande båtplassar er tenkt å ligge på same grunneigedom, i Seldalsvik rett aust for hyttefeltet. Båthamna er handsama i eiga sak, sjå KPI-80.

**Administrasjonen tilrår at areal blir sett av til fritidsbustad.**



**OVER:** Utvidinga av hyttefeltet ligg på oppsida av fylkesvegen i aust. Seldalsvika aust for det igjen, sjå neste sak.

**UNDER:** Ortofoto frå 2021 (vestleg del), 2019 (austleg del). Vi ser m.a. furuskogen og kraftline som går bak feltet. Nede i Seldalsvika er der meir lauvskog og busker, etter at granskogen som sto her blei hogd for ein del år sidan.



## KU OG ROS-ANALYSE

KPI – 80 – Børkjenes /Seldalsvika	
<b>Justert føremål:</b>	Friluftsområde, småbåthamn
<b>Føremål i dagens plan:</b>	LNF
<b>Område:</b>	Børkjenes
<b>Arealstorleik:</b>	Friluftsområde = 2,17 da , småbåthamn = 5,5 da
<b>Forslagsstillar:</b>	Gnr. 25 bnr. 2
<b>Kort skildring:</b> <b>BØRKJENES,</b> <b>NORDSTRANDA</b>	Småbåthamn i tilknytning til utbyggingsområde for fritidsbustadar, KPI-79.



### Noverande verdiar knytt til samfunn og miljø:

0-1: lokalt viktig    2: viktig    3: regionalt eller nasjonalt viktig

Te ma	Ve rdi	Merknad/grunngeving
Landbruk og fiske	1	Registrert som kaste- og låssettingsplass, men denne har ikkje vore nytta på mange år.
Biologisk mangfald	0	Furuskog i vest og lauvtre i vika (etter at grantre ble hogd for ein del år sidan).
Landskap	2	Fjordlandskap.
Kulturminne/kulturlandskap	-	Ikkje treff.
Rekreasjon og friluftsliv	1	Lokal badestrand inst i vika. Høgt, fint svaberg vest i vika. Stoppeplass for bubar og andre ved fv. 5014. Etnefjorden registrert som viktig friluftsområde.
Barn og unge	1	Sjå over.

### Konsekvensutgreiing (KU):

-2: svært negativ    -1: negativ    0: ingen konsekvens    +1: positiv    +2: svært positiv

Te ma	Konsekvens					Kommentar/tiltak
	-2	-1	0	+1	+2	
Samfunn	Overordna planar			x		
	Trafikkavvikling			x		Løysing for trafikkavvikling inkl. parkeringsplass må takast omsyn til i samband med reguleringsplan for feltet.
	Trafikktryggleik			x		Som over.
	Bustadutvikling			x		
	Sentrumsutvikling			x		
	Landbruk og fiske		x			Kaste-/ låssettingsplass, men ikkje i bruk.
	Anna næringsutvikling				x	Auka loka kjøp av varar og tenester.
	Friluftsområde		x			Registrert i database som lokal badeplass. Denne vil truleg bli brukt meir av brukarane av hyttfeltet. Finst andre badeplassar på Børkjenes. Offentleg badeplass på Sandvik.
	Opphaldsområde for barn		x			Sjå ovanfor.
	Tilgjenge/universell utforming			x		
Nat	100m-belte sjø/ vassdrag		x			Innanfor 100-metersbeltet.
	Naturmangfald			x		Ikkje treff i naturbase.
	Landskap		x			Strandsone
	Kulturminne/ landskap			x		
	Forureining			x		
	Støy			x		

## Risiko- og sårbarhetsvurdering (ROS):



Akseptabel risiko  
Tiltak om mulig



Tiltak for å redusere risiko så mykje  
som råd skal gjerast



Uakseptabel risiko - Tiltak  
evt. detaljert ROS

ROS oppdatert 27.03.2023

Hending		Vurdering				Kommentar/tiltak				
		Relevans	Sannsyn	Kons	Risiko					
Nat	Ekstrem nedbør - flaum/overvatn	Nei								
	Sterk vind - storm/orkan	Nei								
	Havnivåstigning. og stormflo	Ja	3	1	1	3	3	9	Tiltak må ta omsyn til forventa havnivåstigning.	
	Skred: kvikkleire, jord, sørpe, snø, stein og flaum	Ja	2	4	3	3	8	6	6	Aktsemdområde for Snøskred og steinsprang og Jord- og flaumskred må takast i vare.
	Erosjon/isgang	Nei								
	Skogbrann	Nei								
	Terrangformasjon som utgjær særleg fare	Nei								
	Radonstråling	Nei								
Menneske- og verksemdbaserte farar	Risikofylt industri, transport, bruk og lagring av kjemikalier, eksplosive varer osv.	Nei								
	Forureinande/støyande verksemd	Nei								
	Storbrann- tilgjenge for naudetat	Nei								
	Trafikkulukker - tilgjenge for naudetat	Nei								
	Øydelegging av vassforsyning/avløp/veg/ energitilførsle/IKT osv.	Nei								
	Samlokaliseringsproblem	Nei								
	Sårbare objekt	Nei								
	Stråling frå kraftliner	Nei								
	Potensiale for kriminalitet, sabotasje og terror	Nei								
	Smittefare	Nei								

### Samla vurdering og konklusjon:

Behovet for småbåthamn heng saman med planar om å bygge ut eit område med fritidsbustadar på oppsida av vegen. Av erfaring ser ein at dei som ønskjer hytte i nærleik av sjø også ønskjer båtplass. Det er difor ønskjeleg at utbyggjar legg opp til småbåthamn frå starten av.

Grunneigar eig Seldalsvika. Han eig også vika aust for Børkjenesklubben lenger ute fjorden. Her er også kaste-/låssettingsplass. Grunneigar ønskja opphavelag ein småbåthamn også ute ved Børkjenesklubben, men dette arealet blir no frigjort til fordel for kaste-/låssettingsplass. Seldalsvika ligg tett på omsøkt hyttefelt. Grunneigar meiner såleis at ei av vikene bør kunne frigjerast til dette småbåthamn. Dei har ikkje vore i bruk på mange år, og det må halde med éin plass på eigeidomen til dette føremålet. Administrasjonen er samd.

Ein liten rasteplass som ligg tett på E134 er tidvis nytta av bubilturistar, men rasteplassen vil framleis kunne nyttast til dette føremålet sjølv om det kjem småbåthamn nedanfor. Sjølve stranda får arealføremålet LNF for å sikre at det ikkje vert utbygging i stranda. Det må leggjast ut badebøyer for å skilje strand frå småbåthamn. Løysinga krev også at det vert sett av areal til ei parkeringsløyving på oppsida av vegen.

Havforskningsinstituttet, som drifrar fiskefella i Etneelva, har fått løyve til ha not i vika, men det finst mange alternative plassar ein kan ha denne nota.

Det er ønskjeleg å vidareutvikle av Etne som hytte- og reiselivskommune.

**Administrasjonen tilrår arealføremålet.**

**UNDER:** Bilete av Seldalsvika. Biletet er opphavleg teke av Havforskningsinstituttet/Politiet. Fiskereiskapen på biletet tilhøyrar Havforskningsinstituttet. Grunneigar ønskjer no ei anna bruk av området, og mest truleg vil ein finne gode alternative plasseringar av nota i nærleiken.




**UNDER:** Bilete av Seldalsvika sett frå fylkesvegen. Raudt kross syner eit område som til tider vert nytta til bubilcamping etc.



## KU OG ROS-ANALYSE

KPI – 86 – Osnes	
Føreslått føremål:	Bustad
Føremål i dagens plan:	LNFS
Gards- og bruksnummer:	13/1, 14/2, 32 og 33
Arealstorleik:	11,7 da
Forslagsstillar:	Etne kommune
Kort skildring:	Nytt bustadområde i forlenging av eksisterande.
<b>OSNES/VÅGEN</b>	

Noverande verdiar knytt til samfunn og miljø:

0-1: lokalt viktig 2: viktig 3: regionalt eller nasjonalt viktig

Te ma	Ve rdi	Merknad/grunngeving
